



**Endeleg kjem Gabrielle til Festidalen, og det i sitt livs beste form. Sidan den markante debutsingelen Ring meg i 2011 har hennar eksplosive pop skapt stemning og fest landet rundt. Med siste plata Snart, Gabby vender ho blikket i større grad mot R & B, noko som sukrar katalogen hennar til ei særst saftig kaka. Ho har sidan starten vore ein hitmaskin som kapra øyrer og hjarter med til dømes 5 fine frøkner, Bordet, Regn fra blå himmel, og no den heilt ferske Snart, Gabby.**

Med seg har ho tonnevis med stæsj for å fyra av tidenes laurdagsshow på Festidalen. 2020 vert året då lydbilete i dette landet vert totalt Gabbyfisert. Med det er laurdags-headlinerer til Festidalen 2020 dratt opp av boksen, og allereie neste veke kjem neste artistslepp. Over halvparten av programmet er klart, berre formalitetar gjenstår før offentleggjering.

Kommentar frå Daidalos Dahle (bookingansvarleg):

*Live er Gabrielle heilt eineståande. Etter Øya-konserten trilla NRK ein 6ar. Etter Bergenfest-konserten trilla BT nok ein 6ar. Ho sel billettar som berre pokker på den pågåande turneen. Scena kjem til å gløda. Dette vert latterleg feitt.*

*Musikken til Gabrielle, med sin egenart og tydelege signatur, flyt så elegant og synleg i det norske musikkbassenget. Og i sommar skal me plaska saman. Synkront eller ikkje, nytast skal det i alle fall!*

*Gabby anno 2020 er moden, magisk, og i stand til å vinna kva festival som helst. Det skjedde noko med den norske popscena i 2011. Ring meg eksploderte. Solgte til 10 gonger platina, og vart den mest streama norske låten ever. Og etter det har ho aldri sett seg attende.*

Tekst/foto: Pressemelding

Nett: Kristian Bringedal